

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag

04.04. 2022 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Marta Fauskanger Ekberg, Elin Taranger, Gerda Bondø, Mona I. Hodne og Aksel Lygre.

Sak 31 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 08.03.22 og innkalling.

Møtebok frå 08.03.22 vart godkjent utan merknad

Innkalling til møte 04.04.22 er godkjent utan merknad

Sak 32 – 2022 Oppfølging av tidlegare saker.

***Temakveldar – temakveld 28.april:**

Fridleif Lydersen. Kven hjelper til? Elin/Aksel – riggar bord,

Elin – leiar møtet, Aksel – kjøpar blommar, frukt. Me møter kl 1800

***Evaluering av årsmøte. Referat og underskrifter**

Formelt var årsmøtet korrekt gjennomført, men budsjettet vart gløymt. Referat er klart, men gjenstår å få underskrifter på referatet. Ikkje enkelt å gjennomføre samtale/tema på årsmøtet, kanskje enklare dersom ein har eit konkret tema.

***Samling med stab, lokalt tilsette og nokre frivillige 14.juni i kyrkja.**

Korleis fordeler vi oppgåvene? Tema: Korleis kan vi styrka dåpstala? Saka vert teke opp på dette møtet, saman med generell evaluering av gudstenester og andre arrangement og forslag til endringar og tiltak.

Vedtak: Me går for koldtbord. Me treng folk til å rydde før/etter, ta med mat til koldtbord. Tenk over kva du kan bidra med.

***Skap til teknisk utstyr bak i kyrkja.**

Kor står saka no? Rune orienterer.

Saka er ikkje kome lenger. Rune snakkar med Ola Jan.

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.**

Sjå sak 16 og 17 i februar-møte. Kvar står sakene?

Saka er ikkje kome lenger. Rune/Aksel fortset ringerunden og prøver å ha konkrete forslag til mai-møtet

***Bøsseberaraksjonen KN: Alt er klart til aksjonen.**

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Konkret prosjekt må til for å søka. Fristen kom for fort oss denne gongen så me prøver å søka i neste omgang. Soknerådet må vedta eit prosjekt som skal søkast om. Dette må opp som sak på neste soknerådsmøte.

Me kan og søka midler hos Sparebanken Vest og Finnås Kraftlag. Andre forslag?

***Konfirmantfest og konfirmasjon. Kvar står sakene?**

Konfirmantfest: 24.04.22. Me treng 4 personar til praktiske oppgåver: Marta, Gerda, Rune + ein til.

Konfirmasjon:

3. mai – fotografering og øving: Nils Hus blir leigd inn som fotograf. Prøving av kapper: Marta og Elin ser over kappene før 3. mai. Nasreen, Audny, Gerda møter kl 1430 tysdag 3. mai. Øving til konfirmasjonen.

7. og 8. mai - pynting i kyrkja: Elin/Marta/Mari

Sak 33 – 2022 Samrådsmøte med bedehusa – dato og innhald

Gudstenestelista er allereie vedteken, og difor sendt bedehusa.

Vedtak: samrådsmøte vert 29.08.22 kl 1900 i Moster kyrkje

Sak 34 – 2022 Datoar for soknerådet hausten 2022.

Vedtak:

23.08.

20.09

18.10.

15.11

06.12

Sak 35 – 2022 Gudstenesta i Moster amfi 5.juni

Ved gudstenesta i Moster amfi har Moster sokneråd særskilte oppgåver som vertskapskyrkjelyd, sjølv om alle kyrkjelydane er felles om å arrangera gudstenesta.

Vedtak: Konkret gjennomgong av oppgåver vert gjort på neste soknerådsmøte. Kyrkjevert: Elin + ein kyrkjevert til som har hovudoppsyn med at alt fungerer. Alter og kors: Aksel tek kontakt med Bømlø Teater

Sak 37 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomiteen - Elin refererte frå sist møte. Økonomi-målet er så å seie nådd. Me drøfta om me skulle dra i gong konkurranse i høve nytt orgel.

Trusopplæringsutvalet - felles påskevandring i Bremnes kyrkje. Relativt godt oppmøte frå Moster.

36 påmeldt til London-tur i juni.

Estlandskomiteen - besøk frå Estland 25.-27. mars. Sommar-leir i Estland blir siste veka i juli. Gjestene frå Estland fekk omvising rundt i kommunen, dei deltok på gudsteneste og møter medan dei var her.

Frå fellestrådet og administrasjon – har ikkje vore møte i fellestrådet før dette soknerådsmøtet

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre – leiartreningskurs for fjorårskonfirmantane frå hausten av. Kan trusopplæring koblast inn her? Miljøtiltak for konfirmantane har vore vellukka. Ungdomsgudsteneste – bra tiltak. Turgruppe etter gudstenestene fører til at konfirmantane deltek på gudstenesta før turen.

Elin Taranger
skrivar